




# MONSTER- BOKA

Nynorske

forteljingar



BARN  
SKALD

Andre bøker i serien:

*Godnattboka* (00000)

ISBN 0000-00-00000-000-0

*Eventyrboka* (00000)

ISBN 0000-00-00000-000-0

*Trøysteboka* (00000)

ISBN 0000-00-00000-000-0

000

ILLUSTRASJON Gunvor Rasmussen

GRA ISK ORM Silje Blank, Øystein Vidnes

TRYKK Spindulys, Kaunas


0 SKALD 0000

000.skald.no

ISBN 0000-00-00000-000-0

# Innhold

|                                   |                           |       |
|-----------------------------------|---------------------------|-------|
| Monster-Morten                    | AV TOR ARVE RØSSLAND      | . 9   |
| Tang og Tare                      | AV KARI SMELAND           | . 21  |
| Vortemonsterets dagbok            | AV LARS MÆHLE             | .     |
| Ø lukketrollet og professor Lomme | AV SUNNIVA RELLING BERG   | . 9   |
| Knus og Knas                      | AV INGELIN RØSSLAND       | . 1   |
| Gi meg eit monster                | AV ATLE BERGE             | . 71  |
| Mons og den kvite stripa          | AV SOLFRID SIVERTSEN      | . 8   |
| Gnaolaradn og Ø vrakliv           | AV KARL SEGLEM            | . 9   |
| Vesle Blå                         | AV HELGA GUNERIUS ERIKSEN | . 107 |
| Monsternytt                       | AV ARNFINN KOLERUD        | . 11  |
| Den ubrukelege Klo                | AV BENTE BRATLUND         | . 12  |
| Mille Monster                     | AV SIGRID MERETHE HANSSEN | . 1   |
| Monsterbarn                       | AV MARITA LIABØ           | . 1   |
| Bassengmonsteret                  | AV RUTH LILLEGRAVEN       | . 1   |
| Monsterhender                     | AV LINN T. SUNNE          | . 1   |
| Mym og huset utan draumar         | AV LAURA DJUPVIK          | . 171 |
| Øuletroll                         | AV SOLVEIG AARESKJOLD     | . 181 |
| Dei mjuke hendene                 | AV TERJE HELLESEN         | . 19  |
| Grunna                            | AV TERJE TORKILDSEN       | . 20  |
| Monsternatta                      | AV ROALD KALDESTAD        | . 217 |



# Monster-Morten

TOR ARVE RØSSLAND

MONSTER HAR BERRE eitt auge. Det er noko alle veit.

Dei har ikkje bruk for meir enn eitt auge, kvifor i all verda skulle dei ha to? Eller tre? Det hender at dei feilbereknar litt og går på trynet i lyktestolpar eller dunkar borti eit anna monster. Kanskje dei til og med køyrer i grøfta, sidan dei manglar både sidesyn og djupnesyn. Dei er vane med dette, og dei vil ikkje ha det på noko anna vis.

Ein annan ting som er spesielt med monster, er at dei aldri bruker tennene til å tygge med. Dei synest tennene er for fine til slikt. Tennene er kvite og skarpe og blanke, og av og til blenker dei i sola. Det er rett nok vanskeleg å få i seg maten, men dei har utvikla mange moderne hjelpemiddel til det. Tyggetonga er eit slikt hjelpemiddel. Tyggetengene er ofte veldig gamle og har gått i arv frå monster til monster. Monstera puttar all slags mat inn i tonga, så klemmer


dei til av alle krefter, og maten blir til ei ÷ytande suppe som dei kan suge i seg med sugerøyr. Dei er vane med dette, og dei vil ikkje ha det på noko anna vis.

Monster bur i monsterhus, dei køyrer monsterbilar, høyrer på monstermusikk, ser monsterfilmar på fjernsyn, et monstermat til middag, har monsterkablar til høgtalarane sine og får straumen frå monstermaster. Det einaste dei ikkje får til, er å ÷y. Dei har sjølvsaft sett fuglar, ÷uger og humler, men dei klarer ikkje å lage verken ÷y eller helikopter. Dei har ikkje eingong fantasi til det. Og det er like bra, sidan det ville vore frykteleg farleg for dei å ÷y med berre eitt auge. Dei ville ha styrta like ofte som dei kolliderer med lyktestolpar og køyrer i grøfta. Og det er veldig ofte.

Bortsett frå dette lever dei ganske vanlege og kjedelege liv. Dei har kjedelege jobbar, dei må gå med kjedelege klede, og mange av dei er leie av både monsterfilmar og monstermat. Mange av dei drøymmer om noko anna, om å reise langt vekk, men dei tør ikkje seie det til nokon. Dei er redde for at dei andre skal bli sinte. Dei vil ikkje skilje seg ut.

Men det er ÷in ting nesten alle monster likar, og det er å få nye små monster inn i familien. ÷lutseleg ligg det eit egg der, og heile livet blir snudd på hovudet. Dagen etter blir egget klekt, og

eit lite monster, med eitt auge og store tenner, blir fødd. Familie og



monstervener samlast rundt det nye monsteret og smiler, og alle lurar på kven det har arva fargen etter. For sjølv om monstera lever kjedelege og nesten identiske liv, har alle ulike fargar. Den mjuke og koselege pelsen deira kan vere både grøn og blå, lilla og rosa, gul og raud, og alle andre fargar ein kan tenkje seg.

Dei einaste fargane dei ikkje har, er svart og kvit.

Monstera veks fort, og i løpet av fjorten dagar er dei vaksne og på veg ut i arbeidslivet. Nokre må vaske monsterskit frå golva, mens andre køyrer monsterbuss. Nokre lagar monsterfilmar, og nokre dreg monsterbilar opp frå grøfta.

Herr og fru Giger levde eit heilt vanleg og kjedeleg monsterliv, og ein dag la plutselig fru Giger eit stort egg, midt på stovegolvet.

Herr Giger blei litt irritert over dette. Han sveitta over monstertonga, han heldt på å lage kveldsmat.

☒ Måtte du absolutt leggje egg i dag? Eg hadde tenkt å sjå den nye monsterfilmen på fjernsyn i morgon kveld, men det kan eg berre gløyme, med alt det strevet vi får når egget blir klekt.

Ein kan skjøne at han blei litt irritert. Han hadde gledd seg





# Knus og Knas

INGELIN RØSSLAND

NO ÅR U bli her inne ei stund, seier mamma. Stemma hennar er fylt med gråt.

☒ Men mamma, protesterer Brage. ☒ Mamma, då!

☒ Nei, Brage. Eg orkar ikkje meir ugagn i dag. Skjønar du ikkje at eg blir lei meg?

☒ Men mamma, det var ikkje med vilje. Det var ikkje meg!

Mamma berre sukkar til svar, før ho lukkar døra til rommet hans. Brage høyrer stega hennar nedover gangen. Han går bort og legg øyra inntil døra og lyttar. Høyrer at ho finn fram feiebrett og sopar opp restane av glasengelen. Brage gløttar på døra. Han ser at mamma set seg på huk og studerer hovudet til engelen, før ho reiser seg og kastar det i søpla saman med restane på feiebrettet. Brage skundar seg å lukka døra igjen så ho ikkje skal få auge på han. ☒,

mamma er så dum, ho burde jo ha skjøna at det der ikkje var med vilje. Handa berre skaut ut, og så sa det berre knus og knas.

Brage marsjerer bort til senga og riv til seg dyna. Deretter går han bort til klesskapet og opnar det. Han veltar ut alt som ligg i botnen på skapet. Så tullar han seg inn i dyna, kliv inn og lukkar døra. Her skal han sitja til han blir eit innskrumpa skjelett, og då skal mamma få angra. Då skal ho gråta og sakna han. Ho skal bli mykje meir lei seg for at han sit død inne i skapet, enn over den der teite engelen som gjekk i knas.

Det er veldig mørkt inni skapet. Han skulle tatt med ei lommelykt.

Det begynner å rumle og tumle noko veldig i magen. Og kald vind kjem blåsande ned til han. Kleda som heng i skapet, krafsar etter han. Han må ut her ifrå. Brage dyttar opp døra og veltar ut på golvet. Det gjer så vondt i magen. Noko slit han i stykke frå innsida.

Så skjer det noko merkelig. Ein arm kjem ut frå navlen hans. Så ein til, og så eit bustete hovud. Brage vil skrika, men får ikkje eingong fram eit pip. Snart har heile skapnaden kome ut frå navlen hans, og som om ikkje det var nok, så kjem det ein hårete tass til.

☒ Bu ææææ! ropar den eine.

☒ Ho-hoi! gaular den andre.

☒ Hjelp, pip Brage. ☒ Hjelp.

☒ Hu-hu. Hæ-hæ! Vi kjem ikkje med hjelp. Vi kjem med bulder og brak, med skrekk og med hyl, brøler det første monstret.

Brage ser forskrekka på dei.

☒ Og no skal vi fillerista deg, fniser det andre monstert og tar tak i eine foten til Brage.

☒ Kva er å filleriste? spør Brage.

Brage legg begge hendene over navlen og håpar det ikkje er  
☒eire udyr der inne som vil ut.

☒ Godt spørsmål!

☒ ☒a, godt spørsmål, har du ☒eire?

Brage ristar på hovudet.

☒ Vel, då skal vi

☒ ☒ vise ☒

☒ ☒ deg ☒

☒ ☒ det!

Dei to hårmonstera tar tak i Brage. Ein i føtene og ein i armane.





# Monsternytt

ARNFINN KOLERUD

GRIM SKULLE BERRE ut og hente posten. Han hadde venta på eit blad i Øire dagar, så han var litt utolmodig og gjekk ganske fort, rett på ei kvinne ute på fortauet. Ho skvatt og sleppte eit skrik ut av seg. Det hadde ho kanskje rett til. Av og til må ein få lov å skvette og skrike litt. Men så gav ho seg til å hyle. Tunga låg og skalv inni munnen hennar. Grim kom på at han ikkje hadde kjemt seg på ei stund. Han såg kanskje litt rufsete ut. Men å hyle slik?

Ø Du overreagerer, ropte Grim, med rasp i stemma. Han hadde ikkje snakka tidlegare på dagen.

Da skreik kvinna enda høgare og la på sprang. Ho fekta med armene i vilske, som om ho leita etter eit tau nokon kunne dra henne opp med. Veska mista ho midt i vegen, men ho l  t veske vere veske og heldt fram, beint fram, til ho forsvann ut av syne, bak eit hus.

Grim plukka opp veska. I pengeboka fann han namnet og adres-

sa hennar, og eit bilde der ho smilte og ikkje hylte. Ho var faktisk finast når ho hylte, tenkte Grim. Han gløymde heile postkassa. I staden gjekk han inn og henta eit stort stykke eplekake ut av kjøleskåpet. Med kaka i den eine handa og veska i den andre gjekk han i den retninga dama forsvann i.

Øndervegs prøvde han Æire måtar å halde veska på. Han hadde aldri gått med dameveske før. Til slutt kom han fram til at det beste var å halde veska som ein handlepose. Men då måtte han rette ryggen så veska ikkje skulle subbe ned i fortauet. Han gløymde seg nokre gonger, men straks han hørde lyden av veska som subbar, retta han seg kjapt opp att.

Huset til kvinna låg midt inne i ein fin hage med blomster og fuglekvisper.

Grim gjekk roleg opp grusgangen. I eit vindauge såg han ei gardin røre på seg. Han gjekk opp ei trapp og trykte på ringeknappen. *Ør Ø L Ønd*, stod det på skiltet under. Ringeknappen fekk eit tydeleg avtrykk etter fingeren hans.

Ø Eg ringer til politiet, ropte det bak døra.

Ø Korfor det? spurde Grim.

Ei stund vart det stille der inne, til det kom litt spakare:

Ø Eg har gløymt nummeret!

Ø Ø Ø, sa Grim.

Ø Er du sikker?

Ø Øa.

Ø Skal eg slå null først?

Ø Nei, sa Grim og rista hovudet over desse gamle folka som trudde dei skulle slå Ø først for å få summetonen, slik det var i gamle dagar.

Han venta.

Han rusla ein runde rundt huset for å kikke inn. Men fru Lund sprang frå vindauge til vindauge og drog for gardinene, så han fekk ikkje sett stort.


Etter ei stund dukka det opp ein mann i blå klede. Da kom også fru Lund ut på trappa. Den blå mannen sa han heitte Berge. Berge var eit fint namn å ha om ein var brannmann, eller dykkar, eller lege. Men også ganske fint for ein lensmann.

☒ Er det denne karen som skremmer deg, frue? spurde lensmannen.

☒ Æa, sa ho.

☒ Og så har han stole veska di?

☒ Æa, sa ho utan å sjå på Grim.





# Monsterbarn

MARITA LIABØ

NO SKAL U HØYRE, du som er redd monster. Eller kanskje du ikkje er redd monster. Ikkje veit eg. Dei fleste er redde monster. Det var i alle fall eg før. Men det finst vel folk som ikkje er redde noko som helst. Ikkje lyn og lichterar. Ikkje sinte hundar. Ikkje politi eller røvarar. Ikkje eingong vampyrar lar dei seg skremme av.


Vampyrar finst ikkje, seier du kanskje.

Og kanskje du trur at det ikkje finst monster heller.

Men eg er eit monsterbarn.

Viss du lurar på kva eg heiter, så kan du berre lure. Eg seier det ikkje uansett.

OK, då. Eg heiter Lino. Det er eit rart namn, tenkjer du kanskje, men det var foreldra mine som gav meg det, og dei er teite. Det er deira feil at eg er blitt eit monsterbarn. Dei skulle aldri ha fått meg. Men no skal dei bli kvitt meg. Eg rømmer. Eg får ikkje sove uansett,



så eg pakkar heller sakene mine. Huld & veslesyster mi & søv, og mamma og pappa, som syslar med dei teite tinga sine, trur at eg &g søv, men HA, eg pakkar klede, DS-en, to DS-spel og DS-ladaren, for eg er ikkje dum. Bilbana mi får eg ikkje plass til. Men eg har pakka to par sokkar og to truser & sjølv monsterbarn må skifte truse av og til, og eg har faktisk monstertruser. Den eine er brun med små, grønne monster over det heile, og den andre er grøn med berre eitt oransje monster framme. Eg tar med meg to bøker & skumle, sjølv-sagt & og den eine monstertru&ken. Sekken er full, så eg må la den andre tru&ken ligge. Det går bra.

Viss du trur eg legg kosebamsar i ranselen, må du tru om igjen.

OK, då. Eg tar med meg &in liten ein. Eg treng trass alt ein venn.

Når eg tenker på det og held bamsen inntil meg, er det nesten så eg må grine.

Men HA, eg er ingen sipeunge. Så snart mamma og pappa har lagt seg, skal eg kle på meg, snike meg ut og forsvinne for godt. Dei skal sleppe å sjå meg meir. Svartstein &g.

Eg ser ut vindaug&et & mørkt, mørkt. Eg kan kjenne kulda gjennom glaset. Eg må ta på meg vottar og hue. Kanskje boblebukse. Eller nei. Monsterbarn fryktar vel ikkje kulda.

Eg veit ikkje heilt kor eg skal gå.  
Busstoppet, kanskje. Eg kan ta  
ein buss til busstasjonen  
og reise kor eg vil. Eg veit  
ikkje kor eg skal sove,  
men eg treng vel ikkje



sove, og eg er ikkje redd. Alle andre burde vere redde meg. Mamma og pappa òg.

Eg høyrer dei prate ute i stova, som om ingenting har hendt. Dei er glade i kvarandre og ikkje i meg. Rett før eg la meg, kjefta dei: «Lino, kva er det med deg?!» «Korfor er du så utriveleg?!» «No er du utriveleg!»

Huld slo seg og grein, og pappa trøysta og song for henne, mens mamma lukka døra mi. «Sov godt,» sa ho, men ho var streng, og eg fekk ikkje ein ordentleg klem eingong. Eg er sint. Men monsterbarn skal vel vere både slemme og sinte.





# Dei mjuke hendene

TERJE HELLESEN

HUSA LYSER SÅ INT. Må ned dit. Ned til dei varme romma. Ser ut som lysande, varme dokkehus her frå åskammen. Ænder berga ligg skogen. Der vert dei borte i alt det svarte og våte. Nokre stader står det unge tre på små høgdedrag. Dei kan han skubbe til sides. Då kjem dei til syne att, husa. Nærare no. Varmen frå dei når langt utover hagegjerda.

Han plar stå der, ved gjerdet litt. Må kjenne på det. At det snart skal skje. Så stig han over porten og går varsamt inntil kjøkenglas-set. Der inne er det ingen på denne tida. Men lysa står på, og han ser stundom dei vaksne gå til eller frå noko i stova. Legg han det store, lodne øyret sitt inntil veggborda her, høyrer han kva dei pratar om der inne.

Æ ja, så søv dei endeleg, vert det sagt. Æ No får vi kvile oss litt, du og eg, held det fram. Då smiler det under store, runde auge

der utanfor kjøkenglaset. Ein svær kjake stryk seg oppetter veggen, klør det bustete håret i takrenna.

Inne i gangen er det svalt og stille. Alt er på stell her i huset. Hengslene smurde. Ingen merkar noko. Han rører seg raskt. Mykje raskare enn ein skulle tru, når ein tenkjer på kor stor han er. Heile overkroppen bøyer seg på veg inn på soverommet. Han stoggar rett innanfor døra. Høyrer den vesle, rolege pusten frå barne-senga. Der ligg det vesle nystet. Eit lite menneskebarn. I rommet ved sida av ligg ei søster. Det får bli ho neste gong. No er det denne vesle guten.

Øing, dunkdunk bam, seier det. Ø ff, seier ei hes, mørk stemme, før ei hårete hand legg seg over den store, siklande kjeften. Auga vert som skranglande middagstallerkenar då hjartet kastar seg fram i bringa. Kva no? Eit eller anna låg på golvet. Han hadde spar-ka i det, sendt det rett i veggen.

Stille. Soveromsstille. Så eit kremt, lyden av hud mot laken. Det kolsvarte rommet får etter kvart eit eige skimmer. Den kvite senga mot veggen. Guten vakna ikkje. Han søv enno. For ei lukke. No må han ikkje gjere Øeire tabbar. Vaknar guten, er alt ute. Då vil skrika få dei vaksne ut av stolen. Dei vil ringe lensmannen, og alt han har her mellom husa, vil verte øydelagt.

No gjeld det berre å liste seg fram til sengekanten, setje seg på huk, bøye seg over den vesle guten, opne monsterkjeften på vidt gap og Ø gjespe. Ingen kan stå for ein monstergjesp. Om guten søv lett, så vil han heilt sikkert dykke djupt i drøymeland no. Og gjespen som kjem i kveld, står ikkje attende for nokon tidlegare gjespar.

Det er god plass ved sida av senga. Her veit han at det er godt



å ligge. Ei svær, hårete hand med tjukke, lange negler kraup snart over dyna til guten og la ei lita, sped hand i si. No kan han sove.

☒ Eg vil ikkje!

☒ Kva er det du ikkje vil, Øonatan? Vil du ikkje ha skiva di?

☒ Øoooo. Men ikkje med skorpe, ropar Øonatan.

☒ Nei vel, ikkje med skorpe i dag, seier mor.


Susanne ser på bror sin. Bustete og med grinefjes ser han ut som eit lite monster.

☒ Her, seier mor. ☒ Skive utan skorpe.

☒ Eg vil! ropar Øonatan.

☒ Kva er det du vil? Stemma til mor er ikkje heilt mor si stemme lenger. Ho har vore mange turar på kjøkenet alt.

☒ Eg vil ha skorpe, gaular Øonatan.



Har du nokon gong lurt på om det er eit monster under senga di?

Veit du kven Knus og Knas er?

Og kanskje kjennest det av og til som om det bur eit lite monster inni deg?



*Monsterboka* er den fjerde boka i serien med nyskrivne nynorske forteljingar.

Etter dei kritikarroste og prislønna bøkene *Godnattboka*, *Eventyrboka* og *Trøysteboka* skriv forfattarane i denne boka om monster: store monster og bitte små, slemme og snille, tøffe og mindre tøffe; monster under senger og i basseng, i holer og i tre, på bakken og i lufta. Dei tek oss med til univers fulle av sprudlande fantasi.

Ei humoristisk og fargerik bok for heile familien som fungerer både til høgtlesing og sjølvlesing.



Tor Arve Røssland

Kari Smeland

Lars Mæhle

Sunniva Relling Berg

Ingelin Røssland

Atle Berge

Solfrid Sivertsen

Karl Seglem

Helga Gunerius Eriksen

Arnfinn Kolerud

Bente Bratlund

Sigrid Merethe Hanssen

Marita Liabø

Ruth Lillegraven

Linn T. Sunne

Laura Djupvik

Solveig Aareskjold

Terje Hellesen

Terje Torkildsen

Roald Kaldestad

Illustrasjonar av Gunvor Rasmussen



9 788279 591917

ISBN 978-82-7959-191-7